



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato
08.06.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7744 632.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Varsel om tilsyn - Felles nasjonalt tilsyn 2016

Fylkesmannen varslar med dette om tilsyn med Lindås kommune. Etter opplæringslova § 14-1 første ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn. Tilsynsmyndigheita skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon, jf. kommunelova § 60c.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 har tre område for tilsyn:

1. Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa
2. Skulebasert vurdering
3. Forvaltningskompetanse

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell til tilsynet:

<http://www.udir.no/Regelverk/regelverk/tilsyn/Felles-nasjonalt-tilsyn/felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

Fylkesmannen vil gjennomføre tilsyn med desse skulane med tema:

Ostereidet ungdomsskule:	Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa Skulebasert vurdering Forvaltningskompetanse
Knarvik barneskule:	Forvaltningskompetanse

1. Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kapittel 1, 3 og 5 og forskrift til opplæringslova kapittel 1 og 3. Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skulens arbeid med opplæring i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring eller spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

2. Skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. Skulebasert vurdering vil seie at skulen jamleg vurderer si eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

3. **Forvaltningskompetanse** - avgjerder om særskild tilrettelegging, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV–VI og opplæringslova kapittel 3 og 5. Skulens avgjerder om tilrettelegging for elevar som inneber avvik frå ordinært opplæringstilbod, er enkeltvedtak.

4. Skuleeigar sitt forsvarlege system

Det er Lindås kommune som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. **Fylkesmannen varslar med dette om at tilsynet kan bli utvida med eit tilsyn med Lindås kommune sitt forsvarlege system for vurdering av om krav i opplæringslova og forskrift til lova blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.**

Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevane får eit godt utbytte av opplæringa. Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar

1.
 - sørgjer for at elevane får kjennskap til og opplæring i dei måla som gjeld for opplæringa
 - sørgjer for at elevane får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
 - sørgjer for at elevane sitt utbytte av opplæringa blir vurdert kontinuerleg
 - sørgjer for at elevane blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande
2.
 - har gode kjelder og relevant informasjon om elevane si måloppnåing
 - avdekkjer årsaka til manglande måloppnåing og gjennomfører endringar
 - sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
 - gjennomfører vurderinga jamleg
3.
 - sikrar eleven si rettstryggleik gjennom å involvere elevar og foreldre i vurderingane før skulen tek avgjerder om avvik frå ordinært opplæringstilbod
 - følgjer reglane for innhald i enkeltvedtak
 - sørgjer for å vurdere og kartleggje elevens behov på ein fagleg forsvarleg måte
 - gjer vedtak som gir gode føringar for skulen si tilrettelegging av og for innhaldet i opplæringa

Gjennom kontroll med skuleeigar og skulen si oppfølging av dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Lindås kommune i eigenskap av skuleeigar. Undersøkinga i tilsynet vil bli gjennomført på skulane ved ein gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju av tilsette på Ostereidet ungdomsskule.

Tidsplan:

Formøte, Statens hus 1. et, møterom Eik: Torsdag 22. august 2016 kl. 0900-1100
Frist for innsending av dokumentasjon: Fredag 30. september 2016
Gjennomføring av intervju: Veke 43
Sluttmøte: Torsdag 1. desember 2016

Tidsplan for intervju blir gjort etter nærare avtale med skuleeigar og skule.

På bakgrunn av denne undersøkinga vil Fylkesmannen vurdere om det er behov for å utvide tilsynet til å omfatte også ei nærmare undersøking av kommunens forsvarlege system, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Dersom Fylkesmannen avdekkjer lovbrøt, vil Lindås kommune få ein førebels tilsynsrapport. Kommunen har rett til å uttale seg om innhaldet i rapporten, med inntil to vekers frist. Førebels tilsynsrapport er grunnlag for drøftingane i sluttmøtet mellom Fylkesmannen og kommunen.

I den endelege tilsynsrapporten vil kommunen få ein rimeleg frist til å rette eventuelle lovbrøt. Fylkesmannen varslar i den endelege tilsynsrapporten om eventuelt pålegg om retting, jf. forvaltningslova § 16, dersom lovbrøt ikkje blir retta innan fristen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på nettstaden til Fylkesmannen.

Dokumentasjon

Lindås kommune som skuleeigar skal

1. gi Fylkesmannen tilgang i RefLex til utfylt eigenvurdering frå skulane og vedlegg som byggjer opp under svara. Verktøyet RefLex vil bli presentert på formøte, sjå <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/reflex/>
2. sende til Fylkesmannen ei eigenvurdering av korleis kommunen oppfyller krava i opplæringslova 13-10 andre ledd, om forsvarleg system, sjå vedlegg 1.

Vi ber om at det blir oppnemnt ein kontaktperson i kommunen og ved kvar av skulane for dette tilsynet, og at vi får tilsendt kontaktinformasjon for desse personane.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til

Grethe Fjeld fmhogfj@fylkesmannen.no tlf. 5557 2279
Jon Fjeldstad fmhojfj@fylkesmannen.no tlf. 5557 2254

Med helsing

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kommunalsjef for oppvekst

Vedlegg:

1. Eigenvurdering skuleeigar
2. Varsel om tilsyn - Ostereidet ungdomsskule
3. Varsel om tilsyn - Knarvik barneskule